

Arkivnr: 2014/560-136
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

Forslag til budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Ungdommens fylkesting fekk 230 000 kr budsjettert for 2014.

PS 258/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 vart handsama i fylkesutvalet 19.11.2014 og PS 75/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 skal vidare til fylkestinget 09.12.2014. I fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett for 2015 er Ungdommens fylkesting gitt 270 000 kr med slik forklaring: «*Ungdommens fylkesting har i 2014 eit budsjett på kr 230 000 kr. I 2015 er det ønskje om å arrangere Ungdommens fylkesting over tre dagar, mot tidlegare to. Dette medfører naturleg nok noko høgare utgifter. Budsjettet er auka til kr 270 000.*»

Administrasjonen har utarbeida eit forslag til budsjett for 2015 der ramma er 270 000 kr, med atterhald i vedtak frå fylkestinget.

Oppsettet til budsjettet er slik:

- Etter prosjekt: Dei fire hovudområda til rådet har fått kvart sitt prosjekt; Rådsmøter, AU, Kurs og konferansar og Eigne arrangement. I denne oppsettinga kan ein sjå kostandar og inntekter på kvart prosjekt, samt kva type kostnadar som er knytt til prosjektet.
- Etter konto: Ein oversikt over kvar konto, med kostnad til kvart prosjekt.

Med i oversikta er forslag til Budsjett 2015, Rekneskap 2014 (per 061114), Budsjett 2014 og Avvik. Avviket gjeld skilnad mellom Rekneskap 2014 og Budsjett 2014.

Punkter som har vore med i berekninga:

- Ungdommens fylkesting 2015 over tre dagar.
- Erfaringar gjort i 2014 med fokus på avviket mellom budsjett og rekneskap.

Forslag til avgjerd

Med atterhald i vedtak i fylkestinget i PS 75/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018, vedtek Ungdommens fylkesutval å legge budsjett 2015 fram for Ungdommens fylkesting slik det føreligg.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.